
Saksnr: 2020/37459-8
Saksbehandlar: Inger Marken

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Administrasjonsutvalet		21.10.2021
Fylkesutvalet		09.11.2021

Reglement for reiser i Vestland fylkeskommune, revidert

Forslag til innstilling

Revidert reglement for reiser i Vestland fylkeskommune vert vedtatt og gjort gjeldande frå 15. november 2021.

Samandrag

Fylkesutvalet vedtok reglement for reiser i Vestland fylkeskommune 14.02.2020. Administrasjonen har gjennomført ei revisjon av reglementet, det er ikkje vesentlege endringar frå det opprinnelige reglementet.

Dei mest aktuelle endingane er: Det er i større grad brukt referansar mot kommunalt regelverk, regleverket om skyss- og kostgodtgjersle er stramma inn og det er tatt inn aktuelle definisjonar.

Det reviderte reglementet vart drøfta på informasjons- og drøftingsmøte med hovudtillitsvalde 02.09.2021.

Rune Haugsdal
fylkesdirektør

Ingrid Kristine Holm Svendsen
avdelingsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Reglement for reiser i Vestland fylkeskommune, revidert

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkesutvalet vedtok nytt reglement for reiser i Vestland fylkeskommune 14.02.2020, dette var gjeldande frå 01.01.2020. Dette reglementet skulle reviderast våren 2021. Administrasjonen har gjennomført ei revisjon av reglementet, det er ikkje gjort vesentlege endringar frå det opprinelege reglementet.

Dei mest aktuelle endingane er:

- Det er i større grad brukt referansar mot kommunalt regleverk.
- Det er tatt inn aktuelle definisjonar.
- Det er snudd litt om på rekkefølga på innhaldet (slik at det mest aktuelle kjem tidleg fram).
- Regelverket om skyss- og kostgodtgjersle er stramma inn, dette var noko uklart i det gamle reglementet og vi fekk mykje spørsmål og lokale tolkingar om korleis dette skulle behandlast.
- Språket er forenkla nokre stader.
- Det er sett inn innhaldsforteikning.

Det reviderte reglementet vart drøfta på informasjons- og drøftingsmøte med hovudtillitsvalde 02.09.2021. I dette forslaget var setninga «*fylkeskommunen bør nytte hotell med tariffavtale for dei tilsette*» tatt ut. Organisasjonane syntest dette var uheldig. Administrasjonen har vurdert dette på nytt og i det reviderte reglementet er denne setninga foreslått endra til «*Fylkeskommunen bør nytte hotell der dei tilsette ikkje har dårlegare løns- og arbeidsvilkår enn det som følgjer av tariffavtale.*»

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet fattar endeleg vedtak i saka. Fylkesutvalet er gjeve slikt mynde i reglement for fylkesutvalet punkt 2.1.7. *Andre oppgåver:*

«Fylkesutvalet tek avgjerd i alle andre saker der avgjerdsmynde ikkje ligg til anna organ, og der saka ikkje er av prinsipiell betydning for fylkeskommunen si verksemd.»

Reglement for reiser i Vestland fylkeskommune er ei sak som ikkje er av prinsipiell betydning, og mynde til å ta avgjerd ligg då til dette utvalet.

Administrasjonsutvalet har innstillingsrett i saka.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

- Det er ei målsetjing at eit tydeleg reglement som omhandlar reiser i Vestland fylkeskommune skal vere med å redusere kostnadane ved ein slik aktivitet.
- I budsjettet til fylkeskommunen er det lagt inn ei innsparing på redusert reiseaktivitet.

Klima:

- Mindre reiseaktivitet bidrar til å redusere klimagassutsleppa i både Vestland fylke og nasjonalt.

Folkehelse:

- Ikkje relevant.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

- Eit reglement om reiser er med å støtte opp om FN sine berekraftsmål om klima og i tillegg har det ein økonomisk dimensjon ved å redusere reiseaktiviteten.

Konklusjon

Reglement om reiser er med å redusere utgifter til reiseaktivitet, samt redusere klimagassutslepp. I tillegg er det reviderte reglementet med å sikre ei likebehandling av dei tilsette.

Administrasjonen tilrår at reglementet vert vedtatt med verknad snarast mogleg.